

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/5992-1

Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre - økonomiplan 2019 - 2022

Forslag til uttale

- I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka.
- Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggast til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa.
- I planarbeidet med nye fylkesveggar må det også planleggast gang/sykkelveggar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast.
- Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjere kvardagen betre for brukarane.
- Ved ruteendringar eller rutekutt vert som regel utkantane råka. For å kompensere for problema som oppstår, må serviceskyssen byggast vidare ut for å kompensere for bortfall av ruter. Det må vurderast å innføre ei ordning med «bestillingsskyss». Mange i utkantane har problem med å knytte seg til ekspressruter grunna mangel på tilførselsruter. Ei ordning med «bestillingsskyss» kan løyse slike problem.

Vedlegg:

Informasjon om innspel og prosess

SAKSFRAMSTILLING

Finansutvalet handsama i møte den 7. mars 2018 arbeidsdokument 1/18. Dokumentet er tilgjengeleg på fylkeskommunen si heimeside, www.sfj.no. I punkt 3.2 opplyste fylkesrådmannen at fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skulle bli orientert om prosess, arbeidsdeling og arbeidsplan samt bli invitert til å kome med ev. innspel/merknader.

Då denne økonomiplanprosessen er den siste som eigen fylkeskommune skal økonomiplanarbeidet i hovudsak ha følgjande tilnærming:

- Arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019
- For åra 2020-2021 er gjeldande økonomiplan utgangspunkt
- Økonomiplanåret 2022 vert ei vidareføring av 2021 justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/slutførte tiltak
- Økonomiske verknader av disposisjonar i 2019 vert innarbeidd for økonomiplanåra 2020-2022.

Eventuelle innspel/merknader til økonomiplan 2019-2022 kan handsamast på to måtar:

- I arbeidsdokument 2/18 den 2. mai 2018. Frist er 19. april 2018
- I saka til fylkestinget i juni 2018. Frist er 16. mai 2018.